
Fra: Bjørn Harald Bendiksen
Sendt: 13. november 2015 12:29
Til: Bente Kopperdal Hervik
Emne: SV: Kulturmidlar
Vedlegg: rekneskap 2014_2015 del 2.pdf

Frå: Bente Kopperdal Hervik
Sendt: 13. november 2015 12:03
Til: Bjørn Harald Bendiksen
Emne: SV: Kulturmidlar

Eg får ikkje opna den fila.

Fra: Bjørn Harald Bendiksen
Sendt: 13. november 2015 12:03
Til: Bente Kopperdal Hervik
Emne: SV: Kulturmidlar

Frå: Bente Kopperdal Hervik
Sendt: 12. november 2015 13:15
Til: Bjørn Harald Bendiksen
Emne: SV: Kulturmidlar

Hei,

Me er fullt klar over den store innsatsen du legg ned for Rockeverkstaden, og at du aldri har tatt betaling for noko her. Dette er ein innsats som det står respekt av!

Av rekneskapen for 2015 går det fram at overskotet for i år er 1370 kroner. I rekneskapen som følgde med kulturmidlar 2014 var overskotet 804 kroner. Av rekneskapen som vert levert inn, må det gå fram kor stor denne kassabehaldninga er, slik det vart gjort i 2013.

Fint om du kan senda oss eit nytt reknskap med oversikt over akkumulert overskot.

Eg legg ved rekneskapen for dei to siste åra, slik at du har desse tala lett tilgjengeleg.

Mvh
Bente

Fra: Bjørn Harald Bendiksen
Sendt: 12. november 2015 12:50
Til: Bente Kopperdal Hervik
Emne: SV: Kulturmidlar

Hei

Me har ikkje nokon kasse. Alt vert handla med 4 sound i byen over kontoen som eg disponerer. Alle turar eg i alle år har hatt til byen for å reparere utstyr eller kjøpe nytt utstyr, har eg aldri teke noko betaling for. Håper det er god nok forklaring. I år var det kontordama vår på ungdomsskulen som reviderte rekneskapen.

Bjørn Harald

Frå: Bente Kopperdal Hervik

Sendt: 11. november 2015 13:35

Til: Bjørn Harald Bendiksen

Emne: Kulturmidlar

Hei,

Viser til kulturmiddelsøknad.

Retningslinjene for kulturmidlar stiller krav til at rekneskap skal vera revidert. Me har tidlegare godtatt rekneskap frå Rockeverkstaden utan at dette har vore revidert, men me ber om at Rockeverkstaden til neste år kan knyta til seg ein som kan revidera rekneskapen.

Når det gjeld rekneskapen som er levert ved årets søknad, er det ikkje opplyst kor mykje som er i kassen. Kan du senda oss ny versjon av rekneskapen der dette kjem fram?

Mvh

Bente Kopperdal Hervik

Rådgjevar kultur

Radøy kommune

Tlf. 56 34 90 12